

litt om serien

Vendepunkt - livsforvandlande møter med Jesus

Kristendommen: For mange har ordet dårlig klang. Tankane går til dogmer, dominans og antidans. Det handler om salmepugging og dogmetru, og det verkar eigentleg ikkje så attraktivt. Men essensen i kristen tru er relasjon, eit møte med Jesus. Det slåande er at Jesus har evna å møte så utruglig mange forskjellige folk, i så mange forskjellige kulturar til så forskjellige tider. I møte med Jesus har ulike personlighetstypar med ulike livshistorier fått eit livsforvandlande vendepunkt.


Det er akkurat nokre av desse møtepunktta med Jesus vi ønskjer å trekke fram i denne serien. Dersom slike folk kunne få møtepunkt med Jesus som vart til vendepunkt i livet, ja då kan du også!

litt om tema:

Lydia, slavekvinna og fangevaktaren

Det er ofte freistande for oss å tenke at det berre er ein type folk som blir kristne, og når nokon først har blitt kristne, så er det berre ein åndelighet som bør finnast. Og den må alle passe inn i. På ny og på ny viser det seg frå vitnesbyrda til folk at Jesus later til å ha ein langt meir fleksibel og romsleg tilgang til oss som enkeltmenneske enn som så. For ein av dei verkeleg slåande tinga med kristen tru er at det er skikkelig forskjellige folk som trur på Jesus. Og tru finnast i skikkelig forskjellige kulturar og har gjort det til skikkelig forskjellige tider gjennom 2000 år. Jesus evner å møte alle - fordi han kjenner oss, veit kva vi treng og kva språk vi forstår. Ingen har eit så fullkomment liv at dei ikkje treng eit møte med Jesus. Ingen har eit så ødelagt liv at dei ikkje kan få eit møte med Jesus. Med kirurgisk presisjon trekk han nær deg, og møter deg på ein måte som svarar til kven du er og kva du treng. For ein frelsar vi har!

Møta som vart til vendepunkt



Bibel

Apg 16, 11-35 Spørsmål til teksten

1. Lydia, slavekvinna og fangevaktaren: Kva er likskapar og forskjeller i måtene dei kjem til tru på?
2. Paulus og Silas lærer at einkvar situasjon er eit mogleg møtepunkt mellom Jesus og menneske. Korleis kjem det til uttrykk i teksten?



Fellesskap

Den ærlege samtalen:

1. Korleis erfarer du at Gud har møtt deg?
2. Har du nokre erfaringar av slike vendepunkt i livet?
3. Ser du på situasjonar i kvardagen som potensielle møtepunkt mellom Jesus og menneske? Korleis?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Ver bevisst på i kommande veke at dine møtepunkt med andre kan få bli eit vendepunkt i livet - både ditt og andre sitt. Ver open for at Jesus er til stedet i og gjennom deg!



Raushet

Takksam deling

Tenk at Jesus er så fleksibel i møte med oss og møter oss på så mange forskjellige måtar. Den rausheten vil han vi også skal gje vidare til andre.



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for hans enorme kjærleik og visdom, som gjer at han møter oss der vi er, slik vi er.
2. Be om audmjuke og mot til å våge å sjå alle situasjonar, relasjonar og møtepunkt som potensielle vendepunkt i livet der Jesus kan få sleppe til.
3. Be gjerne for kvarandre og det som ligg på hjartet i gruppa om dagen

Som kristne veks vi ved å lære oss å høyre Guds tiltale til oss, og så handle på det. Frå samtalane, tekstane og bønnene i dag: kva har blir ståande som viktigast? Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva Hørde eg?

Kva Gjer eg med det?

Vende-
LIVSFORVANDLANDE
punkt
MØTER MED JESUS